

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13185 - 21/9158

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
10.02.2021

## **Oversender vedtak om dispensasjon frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatt for etablering av minirensanlegg til klagevurdering - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim**

### **Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr 181/11 (eitt bustadhus) og gbnr 181/1 (to bustadhus).  
Adresse: Vassbygdvegen 482 - gbnr 181/11. Vassbygdvegen 484 og 486- gbnr 181/1.  
Tiltakshavar/eigar: Olav Thorsheim  
Klagar: Harris Advokatfirma AS på vegne av tiltakshavar

### **Saka gjeld**

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 20/13185, datert 17.12.2020, om avslag på dispensasjon frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatt for etablering av avløpsanlegg i form av minirensanlegg for tre bustadhus på gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim.

Eksisterande tre slamavskiljarar skal byttes ut med eit nytt minirensanlegg (administrasjonen presiserer at saksframlegget er feil på dette punkt då det viser til eit eksisterande minirensanlegg). Dei to bustadhusa på gbnr 181/1 har i dag eit eldre godkjent utslepp av svartvatn (utslepp frå toalett, dvs. kloakk) som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før utsleppet vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr 181/11 har i dag godkjend utsleppsløyve for gråvatn (utslepp av avløpsvatn frå kjøkken, vask og dusj).

Det er søkt om og gitt oppgradering (iform av nytt minirensanlegg) av godkjent utsleppsløyve for svartvatn for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11 etter forurensningsloven av Klagenmenda i sak 006/20 den 15.06.2020.

Tal svartvatnutslepp går frå 2 til 3, men søknad om oppgradering (iform av nytt minirensanlegg) av godkjent utsleppsløyve for svartvatn for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11 kan ikkje behandlast ferdig før det ligg føre dispensasjon for etablering av avløpsanlegg når utsleppet er i strid med endelege

planer etter plan- og bygningslova.

Noverande klage gjeld avslag på dispensasjon for etablering av minirensanlegg, men denne søknaden må som nemnt sjåast i samanheng med søknaden om oppgradering av godkjent utseppsløyve for svartvatn for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utseppsløyve frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11 etter forurensningsloven.

Søknad om løyve til å etablere tiltaket (slik som avløpsanlegget og tilhøyrande stikkleidningar) etter plan- og bygningslova, dvs. byggjeløyve, krev også søknad om utseppsløyve etter forureiningslova. Det er Klagenmenda i Alver kommune som behandlar klager etter forureiningslova slik som klage på avslag på utseppsløyve. Det er Utvall for areal, plan og miljø (APM) som behandlar klager etter plan- og bygningsloven slik som noverande klage på dispensasjon for etablering av minirensanlegg.

Minirensanlegget sørgjer for å rense utseppet og kan nyttast for begge typar utsepp. Meir konkret så fjernar minirensanlegget både organisk stoff (biologisk) og fosfor (kjemisk), og har både eit biologisk og eit kjemisk rensetrinn. Minirensanlegget vil rense ca. 90 % av forureininga. Ein vanleg påstand er at dette vatnet er så reint at det kan drikkast. Vatnet kan ikkje kvalifiseras som reint og trygt drikkevattn då det ikkje vert rensa for bakteriar eller E-coil.

Det er gjort greie for av tiltakshavar at oppgradering av svartvatnutsleppet frå bustadane på gbnr 181/1 føreset utseppsløyve for svartvatn for gbnr 181/11. Det skal etablerast felles minirensanlegg av typen Klargestor biodisc med etterpolering der utseppet skal gå vidare til etablert jordbruksgrøft. Det skal installerast vassklosett på gbnr 181/11 som ikkje har vassklosett i dag sidan eigedomen kun har gråvatnutslepp.

Det er mottatt negativ uttale frå Miljøretta helsevern i Alver kommune og frå Samferdsel veg, vatn og avløp (teknisk drift) som fraråder både utseppsløyve for svartvatn for gbnr 181/11 og at to svartvatnutslepp vert oppgradert med eit nytt minirensanlegg med nytt svartvatnutslepp frå gbnr 181/11 inn på minirensanlegget då det nye svartvatn utseppet for gbnr 181/11 vil auka faren for forureining i vesentleg grad.

### **Planstatus**

Kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 er gjeldande plan. Ansvaret for drikkevattn er skjerpa og ein stor del av ansvaret for sikring av drikkevattn er flytta frå statleg mynde til kommunen. De to eigedommane ligger innanfor sikringssone som er nedslagsfeltet til hovuddrikkevasskjelda til tidlegere Lindås kommune (Storavatnet). Storavatnet i Lindås, og Storavatnet i Meland og Ulvatn i Radøy er Alver kommune sine tre hoveddrikkevannkilder. For Storavatnet i Lindås er drikkevasskjelda med tilhøyrande nedslagsfelt med vedtekne klauseringar bandlagt og skjerma. Det er ikkje tillat med tiltak som er i strid med drikkevattnforskrifta.

Dette betyr at det er forbod mot å forureina drikkevattn. Forbodet omfattar alle aktivitetar, frå vasstilsigsområdet til tappepunkta, som medfører fare for at drikkevattnet blir forureina. Innanfor nedslagsfeltet kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utsepp i området.

Å oppgradere utseppsløyve frå gråvatn til svartvatn inneberer ein vesentleg auke av eksisterande utsepp for gbnr 181/11 etter administrasjonen sitt syn. Forureiningsrisikoen aukar og utskifting av gamle anlegg med eit nytt vil ikkje kompensere for den vesentlege auka forurensingsfaren eit nytt svartvatnutslepp representerer. Dette fordi kloakk (svartvatn) er ein mykje større kjelde til forureining enn gråvatn. Faren for og omfanget av lekkasje frå anlegget

aukar med tal utslepp av svartvatn, særleg i kombinasjon med ekstreme vêrforhold.

Etablering av minirensesanlegget vil vere i strid med omsynssona nedslagsfelt for drikkevatt og krevja dispensasjon frå byggeforbodet i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatt etter plan- og bygningslova. Minirensesanlegget er plassert innfor ein avstand på 100m frå vatnet og vert vurdert strengare enn andre eigedomar utanfor sikringssona.

Etablering av minirensesanlegget innanfor omsynssona nedslagsfelt for drikkevatt må og forholda seg til gjeldande klausuleringar for området frå 1983. I følgje klauseringsbestemmelsene skal dei tre bustadene innanfor ein avstand på 100 meter frå vatnet primært ha biologisk klosett utan avløp.

I overskjønn frå Gulating lagmannsrett frå 1983 er det gjeve erstatning til eigedomen 181/1 og 181/11 som følgje av klausulering av Storavatnet, og den negative verknad dette fekk for eigedomane. Eigedomane er dermed gjeve erstatning for at dei ikkje kan ha ordinært utslepp på eigedomen. Tiltakshavar er kompensert for å ikkje kunne auke utsleppet frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11.

Kommunen har heimel til endre vilkår i løyve og om nødvendig kalle løyve tilbake utsleppsløyve. Kommunen kan også krevje oppgradering av eksisterande avløpsanlegg uavhengig av tiltakshavars ønske.

Administrasjonen var i delegert vedtak av 17.12.2020 negativ til oppgradering (iform av nytt minirensesanlegg) av godkjent utsleppsløyve for svartvatn for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11 då dette vil auka faren for forureining i vesentleg grad.

Administrasjonen er fortsatt positiv til at eksisterande utsleppsløysingar, to svartvatnutslepp og eit gråvatnutslepp, vert oppgradert med eit nytt minirensesanlegg då dette vil betre noverande situasjon ved at dei tre eldre slamavskiljarar på eigedomane vert fjerna.

### **Historikk**

I 2015 handsama kommunen ein tilsvarande søknad om utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11, der utsleppet skulle reinsast i minirensesanlegg. Det var ikkje søkt om oppgradering av utslepp for dei to bustadhusa på gbnr 181/1. Det var gjeve avslag på utsleppsløyve. Klagen vart ikkje tatt til følgje. Det vart gjeve endeleg avslag på søknad om utsleppsløyve for gbnr 181/11 i juni 2017 i Klagenemnda.

Då noverande søknad for gbnr 181/11 og 181/1 viste noko endra plassering av avløpsanlegget i forhold til søknaden frå 2015 og inkluderer oppgradering av avløp for dei to bustadhusa på gbnr 181/1, la administrasjonen lagt til grunn at det var ein ny søknad som skulle handsamast.

Det ble gitt administrativt avslag etter forureningslova på søknad om oppgradering (iform av nytt minirensesanlegg) av godkjent utsleppsløyve for svartvatn for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11 etter forurensningsloven i november 2019.

Avslaget vart påklaga og klagen vart handsama i klagenemnda. Klagenemnda tok klagen til følgje i sak 006/20 den 15.06.2020, gav utsleppsløyve og sendte saka tilbake til administrasjonen for utferdigelse av utsleppsløyve for svartvatn til gbnr 181/11 med naudsynte vilkår.

## **Handsaming av klage i Utval for areal, plan og miljø den 03.02.2021 med saknr. 021/21**

Klagen på delegert vedtak i sak 20/13185, datert 17.12.2020, om avslag på dispensasjon frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatt for etablering av avløpsanlegg i form av minireinseanlegg for tre bustadhus på gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 03.02.2021 med saknr. 021/21. Alver kommune sitt vedtak datert 17.12.2020 vart omgjort og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

### **«APM- 021/21 Vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/13185, datert 17.12.2020, vert oppheva.

Med heimel i § 4.1 .1 sikringssone (H 100) i kommuneplanen sin arealdel 2019-2030 for tidlegare Lindås kommune, jf. plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå byggeforbodem i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatt for etablering av omsøkt minireinseanlegg på følgjande vilkår:

Det skal etablerast eit minireinseanlegg klasse 1, for kloakk / svartvatn, med utløp til lukka infiltrasjon før avrenning til stadlege massar.

- Det skal oppnåast følgjande utsleppsverdiar til infiltrasjonsgrøft:

- o Reduksjon fosfor 90%

- o Reduksjon av BOF 90%

- o TKB 40%-50%

- Det skal monterast UV på anlegget for å oppnå badevasskvalitet

- o Mindre enn 1000TKB per 100ml vann

- Det skal etablerast etterpolering/ infiltrasjon etter trinn 1 for ytterlegare å redusera mengde utslepp av Fosfor, BOF og TKB.

Med heimel i plan- og bygningslova § i plan- og bygningslova § 20-1 , jf. pbl § 20-3, vert det og gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon i saka ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggeforbodem i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatt, samt at det ligg føre ei overvekt av fordelar i høve til ulemper knytt til tiltaket.

Omsyna bak byggeforbodem i omsynssona er å hindre auka risiko for forureining mot drikkevattnet. Det skal ikkje opnast for fleire utslepp i dette området i utgangspunktet.

Omsøkte eigedomar er allereie bebygd med tre bustadhus, med godkjente utslepp. To av bustadhusa på gbnr 181/1 har i dag eit eldre utslepp av svartvatn som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før utsleppet vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr 181/11 har godkjent utsleppsløyve for gråvatn. Ein dispensasjon i denne saka vil medføre at dei tre bustadene får eit felles minireinseanlegg. Risikoen for forureining frå dei tre bustadene vil derfor verte betydeleg mindre enn ved dagens situasjon.

Omsyna bak byggeforbodem i omsynssona blir derfor ikkje vesentleg tilsidesett ved at det vert gjeve dispensasjon.

Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggeforbodem i utgangspunktet vert praktisert strengt. Utvalet finn likevel at det er klart større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon i denne saka.

Fordelane er som følgjer:

- Omsøkt minireinseanlegg vil medføra redusert fare for forureining til Storavatnet, sidan det skal nyttast av tre bustadhus., der to av bustadhusa på gbnr 1 81 /1 i dag har eit eldre

godkjent utslepp av svartvatn som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før utsleppet vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr 1 81 /1 1 har i dag godkjend utsleppsløyve for gråvatn, og vil og verta kopla inn på det felles minireinseanlegget. Totalt sett vil difor utsleppa frå desse tre bustadane verta redusert i svært stor grad med ny høggrading reinsing via det felles minireinseanlegget.

- Klagenemnda i Alver kommune har i sak 006/20 den 15.06.2020 gjeve klagar medhald etter forurensingslova på søknad om utsleppsløyve, og sender saka tilbake til administrasjonen for utforming av vedtak med eventuelle naudsynte vilkår for å ivareta krav i forurensingslova.

- Eit minireinseanlegg vil vera godt nedgravd i terrenget og lite av dette vert synleg i landskapet. Den fysiske plasseringa vil ikkje medføre ulemper for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftsløv, kulturminne, drikkevatn eller landskapet på staden, jf. dei omsyn LNF-føremålet og omsynsområdet H-100 er meint å ivaretaka.

- Oppgradering av gråvatnutslepp til svartvatnutslepp er i samsvar med klauseringsføresegna , då det etter desse reglane er mogeleg å oppgradere til noverande standard inkludert moderne sanitærtekniske installasjonar i bustader. Nytt anlegg vil redusere det samla utsleppet og difor redusere faren for utslepp til nedslagsfeltet til drikkevatnet, sjølv om den eine av dei tre bustadene går frå gråvatnutslepp til svartvatnutslepp.

Utval for areal, plan og miljø vurderer at omsyna bak omsynssona nedslagsfelt for drikkevatn ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av utsleppsløyve og for etablering av minireinseanlegg slik det er søkt dispensasjon for. I tillegg er fordelane klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vilkåra for å gje dispensasjon frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatn for etablering av minireinseanlegg er difor oppfylt.

Utval for areal, plan og miljø viser til at etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det er rett å gje dispensasjon på bakgrunn av argumenta vist ovenfor. Vilkåra vil bidra til å sikre at omsyna bak byggeforbodet i omsynssona ikkje vert vesentleg sett til side.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om etablering av minirenseanlegg - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim  
Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om etablering av minirenseanlegg - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim  
Klage – Avslag på søknad om etablering av minirenseanlegg på gbnr 181/1 og gbnr 181/11 Torsheim  
Avslag på søknad om dispensasjon for etablering av minirenseanlegg samt søknad om etablering av minirenseanlegg - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim  
Uttale frå miljøretta helsevern angående søknad om dispensasjon frå byggeforbod i omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatt - gbnr 1811 og 18111 Torsheim (233878)  
Kart  
Uttale klage på utseppsløyve - GBNR 181/1 og 181/11 Torsheim  
Søknad om dispensasjon GBNR 181/1 og 181/11 Torsheim  
Nabovarsel  
Vurdering etterspurt av Klagenemnda til saknr. 003/20 - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim  
Klage på avslag på utseppsløyve - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim  
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim  
Opplysningar om tiltakets ytre rammer  
Søknad om utsepp eller økning av sanitært avløpsvatn frå bolig  
Nabovarsel  
Situasjonsplan  
Teknisk godkjenning  
Overskjønn frå Gulating Lagmannsrett - 1983  
Frostating lagmannsrett - LF-2016-17908  
Frostating lagmannsrett - Dom - LF-2011-206994

**Kopi til:**

Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Hjelmås Vvs AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Hjelmås Vvs AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Olav Thorsheim	Vassbygdvegen 484	5912	SEIM
Olav Thorsheim	Vassbygdvegen 484	5912	SEIM

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------